



# NOREGS HØGSTERETT

Den 31. oktober 2011 sa Høgsterett dom i

**HR-2011-02011-A, (sak nr. 2011/1001), straffesak, anke over dom,**

A (advokat John Christian Elden)

mot

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Kristian Jarland)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Utgård:** Saka gjeld anke over fellande dom for familievald, jf. straffelova § 219 første ledd. Det er mellom anna spørsmål om det kan vere eitt strafflagt tilhøve der valden rammer fleire i familien.
- (2) Statsadvokatane i Nordland sette 27. august 2010 A under tiltale ved Vesterålen tingrett for brot på

*”i perioden fram til lovendring 1. januar 2006*

**Straffeloven § 219 første ledd**  
for ved mishandling eller annen lignende atferd oftere eller grovt å ha krenket sine plikter mot noen i sin hushand

*i perioden etter lovendring 1. januar 2006*

**Straffeloven § 219 første ledd**  
for grovt eller gjentatt å ha mishandlet, ved å ha truett, øvet vold mot eller på annen måte ha krenket, sin tidligere eller nåværende ektefelle eller sin slektning i rett nedstigende linje.

Grunnlag:

Ved gjentatte anledninger i perioden mars 2004 til november 2009 på X i Y og/eller andre steder, øvet han vold mot ved slag og/eller spark, oppførte han seg truende overfor eller på annen måte krenket han sin ektefelle B og sin datter C, f. 2003, bl.a. ved at han

- ved en anledning, formodentlig i april/mai 2004, truet B med kniv ved å rette den mot hennes mage,
- ved en anledning, formodentlig mot slutten av 2005, presset B ned i gulvet, tok tak i håret hennes og dunket det to ganger mot gulvet,
- ved en anledning, formodentlig rundt årskiftet 2005/2006, slo B flere ganger med frontstykket på en støvsuger,
- ved en anledning, formodentlig mot slutten av 2007, stakk en gaffel i B sin venstre hånd,
- ved en anledning i juli 2008 holdt B tilbake og slo henne i nakken med knyttet hånd,
- ved en anledning mot slutten av 2008 bet B i venstre overarm og truet med å drepe henne dersom hun fortalte om hendelsen til noen,
- ved en anledning i juni 2009 slo B i ansiktet og truet henne noe senere med en kniv,
- ved en anledning sommeren 2009 sparket B i ryggen,
- søndag 15. november 2009 slo B i armen, nakken og hodet og truet med å drepe henne dersom hun tok kontakt med politiet,
- ved flere anledninger slo sin datter C over handa, brukte truende ord og en gang ristet henne opp mot veggen,
- ved en anledning kastet sukkerbiter på C.

C overvar en eller flere av ovennevnte voldsepisoder mot sin mor.”

- (3) Vesterålen tingrett sa 5. desember 2010 dom med slik domsslutning:

”A, født 18.09.1977, frifinnes.”

- (4) Påtalemakta anka til lagmannsretten over bevisvurderinga under skuldspørsmålet, og dei krenkte kravde ny behandling av dei sivile krava. Etter fullstendig ny behandling av saka, jf. straffeprosesslova § 331, sa Hålogaland lagmannsrett dom i saka 7. april 2011. Domsslutninga lyder slik:

- ”1. A, født 18. september 1977, dømmes for overtredelse av straffeloven § 219 første ledd til fengsel i 1 – ett – år og 2 – to – måneder.
2. A dømmes til å betale oppreisningserstatning til C, født 4. august 2003, med 90 000 – nittitusen – kroner innen 14 – fjorten – dager etter forkynnelsen av denne dom.
3. A dømmes til å betale oppreisningserstatning til B, født 19. desember 1977, med 70 000 – syttitusen – kroner innen 14 – fjorten – dager etter forkynnelsen av denne dom.
4. Sakskostnader idømmes ikke.”

- (5) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld lagmannsrettens lovbruk, saksbehandling og straffutmåling. Påtalemakta har ikkje motanka, men har – etter å ha varsla forsvararen før ankeforhandlinga – sett fram påstand om at straffa blir skjerpa.

- (6) *Eg er komen til at anken må forkastast.*

- (7) Domfellinga gjeld familievald i perioden frå mars 2004 til november 2009. Før lagmannsretten går inn på dei enkelte strekpunkta i tiltalevedtaket uttalar retten:

”Lagmannsretten finner det bevist utover enhver rimelig tvil at B har vært utsatt for vold og trusler fra tiltalte ved flere anledninger. B har forklart at hun også ble utsatt for vold før familien flyttet til Norge. Problemene tiltok imidlertid da familien flyttet til X i 2004. Det var mye krangling mellom ektefellene, blant annet om penger og tiltaltes spillavhengighet. Volden og truslene var særlig knyttet til episoder med krangling. B hadde imidlertid en generell og vedvarende frykt for tiltalte. Tiltalte truet blant annet med at B ville bli sendt hjem til Iran dersom hun forlot ham, og at han ville ta datteren fra henne. Som asylsøker i Norge med ulovlig opphold, ville hun ikke få hjelp i Norge. Også datteren C har vært vitne til vold og trusler mot moren. Hun har også selv vært utsatt for vold og trusler. Det vises særlig til de episoder som er eksemplifisert ved strekpunkter i grunnlaget i tiltalebeslutningen, som lagmannsretten finner bevist utover enhver rimelig tvil.”

- (8) Deretter vurderer lagmannsretten strekpunkta. Som det går fram av det siterte, har lagmannsretten funne bevist dei faktiske tilhøva ”utover enhver rimelig tvil”. Det var då ikkje nødvendig for lagmannsretten å ta dette opp fleire gonger under den detaljerte gjennomgangen av faktum, slik forsvararen har gitt uttrykk for at burde vore gjort.
- (9) Forsvararen har gjort gjeldande at domsgrunnane ikkje er tilstrekkelege, jf. straffeprosesslova § 40.
- (10) Domfelte vart frifunnen i tingretten og domfelt i lagmannsretten. Ut frå det som er gjort gjeldande av forsvararen om at dette skjerpar kravet til domsgrunnar i lagmannsretten, vil eg uttale at kravet til domsgrunnar er det same i denne situasjonen som i situasjonar der det vart domfelling også i tingretten. Der domfelte også vart domfelt i tingretten, kan nok lagmannsretten til ein viss grad vise til domsgrunnane der, men det endrar ikkje prinsipielt på kravet til domsgrunnar hos lagmannsretten.
- (11) Strekpunkt åtte – at domfelte ved eit høve sommaren 2009 sparka mor i ryggen – er ikkje kommentert i dommen, og det må leggjast til grunn at lagmannsretten ikkje har bygd på akkurat denne hendinga ved domfellinga. Lagmannsretten har elles ei utførleg drøfting der alle strekpunkta er omtala. Etter mitt syn har lagmannsretten drøfta og avgjort saka i samsvar med krava til domsgrunnar. Som eg alt har sagt, er det ikkje tvilsamt at lagmannsretten har lagt rett bevis til grunn.
- (12) Forsvararen har også gjort gjeldande at det ikkje er rett når lagmannsretten har behandla forgåinga mot mora og mot dottera som eitt strafflagt tilhøve.
- (13) I dommen er det særskilt omtala at dottera var til stades då far stakk mor i handa og kneet med ein gaffel medan familien var samla ved middagsbordet. Om dottera heiter det elles i dommen:

”Sommeren 2009 skjedde en episode hvor tiltalte truet B og datteren med kniv. Det hele startet med at tiltalte og fornærmede hadde småkranglet. Tiltalte slo deretter fornærmede i ansiktet flere ganger og truet senere fornærmede med kniv som tiltalte hadde i lommen. Fornærmede tok med seg datteren for å søke tilflukt hos en venn. Senere satt de på en benk i X sentrum. Tiltalte kom syklende mot dem og truet dem med kniven.

B har for retten forklart at tiltalte, ved to anledninger, har øvet vold mot datteren C. Den ene episoden fant sted etter at C hadde vært i en bursdag. Tiltalte ble sint for noe, og slo C på hånden og rumpa, mens C forsøkte å gjemme seg bak moren. Ved en annen anledning ble tiltalte så sint at han kastet sukkerbiter på C. C gråt og fikk vondt i

**øynene. I dommeravhør har C også forklart seg om en episode hvor tiltalte slo henne og moren, fordi de ikke likte pizzaen de spiste til middag. B har forklart at datteren har vært vitne til flere av de voldshandlinger og trusler som moren har blitt utsatt for.”**

- (14) Det er vanleg lære at ved integritetskrenkingar ligg det føre like mange strafflagde tilhøve som det er krenkte personar, jf. til dømes Røstad, Innkast i straffefeltet, 1993, side 274. Dette er tvillaust lagt til grunn i rettspraksis for det store fleirtalet av typar brotsverk. Men etter mitt syn høver ikkje dette utan vidare for samansette handlingar som familievald.
- (15) I Ot.prp. nr. 113 (2004–2005) side 36 heiter det:
- ”Gode grunner taler for å ha et eget straffebud som retter seg mot vold i nære relasjoner. Som Kvinnevoldsutvalget og flertallet av høringsinstansene legger departementet til grunn at de generelle straffebudene mot legemskrenkelser mv. ikke like godt fanger opp kompleksiteten og helheten ved denne typen vold som det et eget straffebud kan gjøre.”**
- (16) Omsynet til å fange opp kompleksiteten og heilskapen er viktig også ved avgjerda av om det er tale om eitt eller fleire tilhøve. Det gjeld sjølvst i den meining at mange og ulike handlingar over lang tid blir samla opp ved straffebodet. Men det vil også vere slik at verknadene ofte rammar fleire i familien. Det er nok så at også barn kan vere krenkt ved å vere vitne til handlingar mot mor, jf. Rt. 2010 side 949. Og ved domfelling av krenkingar overfor mor kan det også leggjast vekt på at handlingane til dels skjedde i påsyn av felles dotter, Rt. 2010 side 129 avsnitt 12. Dersom handlingane blir stykka opp i handlingar mot mor og mot barn, kan det såleis innebere at noko av heilskapen i handlemåten går tapt.
- (17) Føresetnaden for ei slik samla vurdering må i alle fall vere at det er tale om handlingar som i stor grad er vovne inn i einannan. Ei samla vurdering av handlemåten overfor fleire i familien krev at det er ein viss samanheng mellom krenkingane, slik det er i vår sak. Som påpeika i Rt. 2010 side 129 avsnitt 21 er det sentrale ved straffvurderinga etter straffelova § 219 ikkje karakteren av valdshandlingane i seg sjølv, men ”i hvilken grad disse danner et mønster som resulterer i at den som rammes må leve under et ’regime’ preget av kontinuerlig utrygghet og frykt for vold”. Også ved vurderinga av om det er eitt strafflagt tilhøve, må det kome inn kva indre samanheng det er mellom dei einskilde handlingane.
- (18) Etter mitt syn følgjer det av lagmannsrettsdommen at det klart var ein samanheng i handlingane, og at det såleis var rett når lagmannsretten vurderte dei under eitt. Eg legg til at det kan vere grunn til å vise varsemd med overprøvinga av denne oppdelinga etter straffelova § 219, fordi dette valet vil vere gjort ut frå ei konkret vurdering, jf. argumentasjonen i Rt. 2005 side 1524 avsnitt 13.
- (19) Forsvararen har også gjort gjeldande at det er lagt til grunn feil faktum når det gjeld det som er funne å ha skjedd 15. november 2009. Etter forsvararen sitt syn samsvarar ikkje det lagmannsretten har lagt til grunn med det som det eine vitnet forklara i eit politiavhøyr.
- (20) I Rt. 2009 side 801 avsnitt 17 – som gjeld ein situasjon som ikkje liknar på den i vår sak – heiter det om Høgsteretts kompetanse når det gjeld prøving av bevis:

**”Selve bevisbedømmelsen kan ikke prøves med mindre den strider mot vitterlige kjensgjerninger eller klare og uomtvistelige faktiske forhold. At lagmannsretten har**

**misforstått et bevis vil derimot anses som en saksbehandlingsfeil. Det samme gjelder om det er uklårheter eller selvmotsigelser i rettens begrunnelse på dette punkt.”**

- (21) Lagmannsretten bygde vurderinga av det som hadde skjedd 15. november 2009 på mor si forklaring og på notat gjort av lege 16. november der det var nedskrive kva mor sa til legen og kva observasjonar legen sjølv gjorde ved undersøking av mor. I tillegg vart det bygd på vitneforklaringar i retten gitt av dagleg leiar ved asylmottaket – som kom til staden den 15. november – og av nestleiar ved mottaket. Til politiet sa ho at ho ”fikk på mandag ... beskjed om hva som hadde skjedd ... på søndag”, medan det i domspremissane er uttala at ho kom til staden på søndagen og trefte tiltalte.
- (22) Om ho forklara seg annleis i retten enn til politiet, er det i tilfelle ingen spesiell situasjon for ein domstol. Aktor og forsvarar hadde – i motsetning til retten – tilgang til politiforklaringa hennar. Spørsmålet om på kva måte vitnet hadde kunnskap om saka, kunne då utdjupast i retten. Retten må byggje på det som kjem fram ved den munnlege behandlinga, og det er ikkje grunnlag for å seie at retten har misforstått det som kom fram der.
- (23) Også dagleg leiar ved asylmottaket kunne i lagmannsretten om nødvendig forklare seg om kven som kom til stades den 15. november og dermed møtte tiltalte og mor denne ettermiddagen. I tillegg kjem legejournalen frå dagen etter, der det går fram både kva mor forklara og kva funn legen gjorde ved undersøking av mor.
- (24) Det er etter dette ikkje grunnlag for å seie at lagmannsretten har misforstått eit bevis, eller at bevisvurderinga strir mot klare og uomtvistelege faktiske tilhøve. Dermed er det ikkje grunnlag for å gå inn på om ei eventuell mistyding kan ha hatt noko å seie for resultatet i saka.
- (25) Forsvararen har lagt fram eit nytt dokument i saka, nemleg eit avsnitt frå ei sakkunnig erklæring datert 8. juni 2011 i høve sak om foreldreansvar og samvær. Dokumentet inneheld ei vurdering av korleis tilsette i dottera sin barnehage i juni 2011 såg på det sannsynlege i at det har skjedd familievald. Utsegnene er gitt i ettertid, og er av den grunn utan relevans i vurderinga. Samtidig kjem at innhaldet i dokumentet i realiteten gjeld lagmannsrettens bevisvurdering under skuldspørsmålet som Høgsterett ikkje kan prøve, jf. straffeprosesslova § 306 andre ledd.
- (26) Forsvararen har også gjort gjeldande at lagmannsretten ikkje var lovleg samansett under behandlinga av saka. Lagmannsretten var sett med ein fast utnemnd lagdommar og to konstituerte lagdommarar. Ingen av desse sistnemnde var ekstraordinær lagdommar.
- (27) Høgsterett la i Rt. 1998 side 1786 til grunn at det ikkje var nokon saksbehandlingsfeil at ein konstituert dommar var formann i lagmannsretten. Dei to andre dommarane var ein ekstraordinær dommar og ein tilkalla dommar. Dommen gjeld såleis ei sak der det ikkje i det heile var nokon fast utnemnd lagdommar. I dommen er det mellom anna uttala:

**”Høyesterett har i flere avgjørelser fremholdt at dommere av hensyn til domstolens uavhengighet bør utnevnes fast, og at bruk av konstituerte dommere bør begrenses til det som er strengt nødvendig, se f eks Rt 1984 side 979 og 1995 side 506. Dette er jeg enig i. Når det foreligger en lovlig konstitusjon, kan jeg imidlertid ikke se at det er noe til hinder for at en konstituert dommer kan være rettsformann.”**

- (28) Det er vidare sagt at det ikkje kan skiljast mellom tilfelle der dommaren er konstituert ved kongeleg resolusjon og tilfelle der han er konstituert av departementet.
- (29) Tidlegare var det eit argument mot bruk av konstituerte dommarar at dei ikkje hadde det same stillingsvernet som fast utnemnde dommarar, jf. Rt. 1997 side 1987. Eg går ikkje inn i denne diskusjonen. Den er ikkje lenger aktuell etter ei lovendring 15. juni 2001, der domstollova § 55h vart tilføya. Etter denne føresegna kan ein konstituert dommar ikkje seiast opp eller forflyttast og kan berre givast avskil ved dom i konstitusjonsperioden. Stillingsvernet er såleis no det same som for ein fast utnemnd embetsdommar.
- (30) Det følgjer av domstollova § 10 andre ledd tredje punktum at retten ikkje kan setjast med meir enn ein tilkalla dommar eller pensjonist som er konstituert etter § 55 f utan når ein av dommarane i lagmannsretten uventa får forfall. Eg kan ikkje sjå at føresegna kan innverke på vurderinga av bruken av konstituerte dommarar. Allereie ordlyden gjer at konstituerte dommarar fell utanom. At § 10 andre ledd tredje punktum ikkje regulerer situasjonen for konstituerte dommarar, følgjer også av lovførearbeida. I Ot.prp. nr. 44 (2000–2001) heiter det såleis på side 268:
- ”Bestemmelsen regulerer ikke sammensetningen av lagmannsretten ved bruk av øvrige konstituerte dommere som ikke er pensjonister, det vil si bruk av konstituerte dommere som ikke er ekstraordinære lagdommere.”**
- (31) Eg konkluderer så langt med at det grunnleggjande spørsmålet om bruk av konstituerte dommarar vart avgjort ved avgjerda i Rt. 1998 side 1786, og at vedtakinga av domstollova § 10 ikkje har endra situasjonen.
- (32) Eg kan heller ikkje sjå at dei konstituerte dommarane i vår sak var inhabile grunna tilknytning mellom utnemningsstyresmakta og ein av partane, jf. det som vart lagt til grunn i Rt. 1997 side 1987. I saka her var dei to konstitusjonane gjorde av Innstillingsrådet, som er uavhengig av Justisdepartementet. Men løysinga hadde etter mitt syn vore den same om konstitusjonane hadde vore gjorde i statsråd, då påtalemakta er uavhengig i høve til departement og regjering.
- (33) Ut frå dette legg eg til grunn at lagmannsretten var lovleg samansett under behandlinga av saka.
- (34) Domfelte har endeleg anka over straffutmålinga. Påtalemakta har utan å anke eller motanke gjort gjeldande at straffa må skjerpast.
- (35) Som det går fram av tiltalevedtaket, gjeld domfellinga faktiske tilhøve frå mars 2004 til november 2009. Ein del av handlingane ligg i tid før endringa av straffelova § 219 første ledd, som skjedde med verknad frå 1. januar 2006. Ved denne lovendringa vart mellom anna straffa skjerpa for handlingar etter denne datoen.
- (36) Det følgjer av det eg alt har sagt, at det er tale om alvorlege krenkingar. Eg kan likevel ikkje følge aktor i samanlikninga med Rt. 2010 side 129, som etter mitt syn gjaldt klart alvorlegare tilfelle enn i vår sak. Det ligg også til grunn i avgjerda frå lagmannsretten, der tilhøvet i vår sak er ført inn under § 219 første ledd, medan tilhøvet i 2010-saka vart ført inn under andre ledd om grov mishandling.

- (37) Både det at ein del av handlingane skriv seg frå tida før 1. januar 2006, og det at vår sak ikkje er ført inn under føresegna om grov mishandling, gjer at straffa må setjast lågare enn ho vart i 2010-saka. Det er dessutan tale om eit samansett tilhøve der lagmannsretten har hatt betre høve til å danne seg eit bilete av kva som skjedde enn det ankebehandlinga no har gitt grunnlag for. Sjølv om det kan vere at straffa i lagmannsretten er noko mild, kan eg i denne situasjonen ikkje sjå at det er grunn til å endre straffutmålinga.
- (38) Eg røystar etter dette for slik

## D O M :

Anken blir forkasta.

- (39) Dommer **Endresen:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (40) Kst. dommer: **Arnesen:** Likeså.
- (41) Dommer **Normann:** Likeså.
- (42) Dommer **Matningsdal:** Likeså.
- (43) Etter røystringa sa Høgsterett slik

## D O M :

Anken blir forkasta.

Rett utskrift: